



Sanitæranlegget kan oppgraderast utan ein ekstra etasje, meiner fylkesmannen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen har avvist klagen frå Rabben Camping og stadtesta forvaltningskomiteens vedtak frå i fjor haust om mellombels forbod mot deling og bygging i planområdet for ny igongsett reguleringsplan Turistanlegg-Uskedalen.

Steinar Myklebust understreka mellom anna i klaga at det var svært viktig å få sett i gang arbeidet med sanitæranlegget for å få det i tilfredsstillande stand. Det vart vist til at det noverande anlegget ikkje stettar dagens krav og at eit avslag på søknaden om oppgradering ville setta lønsemda ved campingplassen i fare.

Fylkesmannen er samd med kommunen i all hovudsak og legg til grunn at taket på toalettbygget kan tettast og sanitæranlegget eventuelt oppgraderast utan at byggearbeidet med ein ekstra etasje vert sett i gang. Myklebust ynskjer eit påbygg med 80 kvadratmeter for hytteeining i andre høgda og bygget vil bli 7,85 meter høgt.

Myklebust har også hevda at kommunen har trenert handsaminga av søknaden som gjeld sanitærbygningen. Rammesøknaden kom inn til kommunen før reguleringsarbeidet starta opp. Fylkesmannen peikar på at det ikkje er noko vilkår i lova at reguleringsarbeidet faktisk er sett i gang før det vert treft vedtak om mellombels forbod mot byggjearbeid.

Det er tilstrekkeleg at det faste utvalet for plansaker finner at eit område bør regulerast eller omregulerast. Difor finn ikkje fylkesmannen at kommunen i denne saka har gjort sakshandsamingsfeil som kan ha hatt verknad på innhaldet i vedtaket.

Om reguleringsplanen seier fylkesmannen at det er behov for ein slik i området og at grunnlaget for å vedta eit mellombels forbod var til stades.

Av Ola Matti Mathisen

